



Arkivsakid-doknr: 15/787-15      Saksh: Gunnar Elnan      Arkivkode      Dykkar ref.      Dato:  
Journalpostid: 17/6407      Telefon: 53 67 3652      K2 - S05      13.12.2017

## Revisjon av konsesjonsvilkåra for Eidfjord - Nord, innspel til vidare handsaming

Eidfjord formannskap - 17/127:

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

Eidfjord kommune set følgjande krav til vilkårsrevisjon for Eidfjord-Nord anlegget og modernisering/ajourføring av konsesjonsvilkåra. Eidfjord bed konsesjonsmyndigheita spesielt sjå på;

- Oppdatering av utsettingspålegg og fiskeundersøkingar i vassdrag med anadrom laksefisk samordna med relevante tiltak i regional vassforvaltningsplan for Hordaland.
- Miljøbasert vassføring gjennom året tilpassa produksjon av laksefisk og omsyn til turisme. Dette må omfatta reglar for minstevassføring heile året, vurdering av fysiske tiltak i vassdraga for å optimalisera produksjon av smolt og moglegheit for fiske. Dette skal og gjelda for Simadalselva.
- Fondskapitalen for felles Fiskefondet for Eidfjord og Ulvik vert auka for å kompensera for prisstigning. Fondskapitalen vert heva til kr 1 000 000 og vert justert i takt med konsumprisindeksen anna kvart år.
- Tiltak i viktige fiskeproduseranse innlandsvassdrag for å motverka effekt av reguleringa. Her vert peikt spesielt på;
  - tiltak for å redusera begroing i Isdalsvatnet og Skykkjedalsvatnet,
  - betra moglegheit for oppvandring frå Bjoreio til Tinnhølen,
  - betra moglegheit til bruk av båt på Sysenvatnet
- Dokumentera om reguleringa har effekt på villreinens trekk i området rundt Hardangerjøkulen og i konsesjonsvilkåra gi heimel til moglege tiltak.
- Andre tema å ta opp til vurdering;
  - friluftsliv/reiseliv, vassdekt areal som landskapselement
  - landbruk, vassdrag sin gjerdeeffekt for beitedyr, vassdrag som vatningsvatn
  - grunnvatn i Simadalen, nærare dokumentasjon av Simadalselva sin betyding for grunnvatnet i dalen

Med venleg helsing  
Eidfjord kommune

Gunnar Elnan  
leiar areal- og miljø

Kopi til arkiv og kopibok



Styre, utval, komite m.m	Møtedato	Saknr
Eidfjord formannskap	11.12.2017	17/127

## **Revisjon av konsesjonsvilkåra for Eidfjord - Nord, innspel til vidare handsaming**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Eidfjord kommune set følgjande krav til vilkårsrevisjon for Eidfjord-Nord anlegget og modernisering/ajourføring av konsesjonsvilkåra. Eidfjord bed konsesjonsmyndigheita spesielt sjå på;

- Oppdatering av utsettingspålegg og fiskeundersøkingar i vassdrag med anadrom laksefisk samordna med relevante tiltak i regional vassforvaltningsplan for Hordaland.
- Miljøbasert vassføring gjennom året tilpassa produksjon av laksefisk og omsyn til turisme. Dette må omfatta reglar for minstevassføring heile året, vurdering av fysiske tiltak i vassdraga for å optimalisera produksjon av smolt og moglegheit for fiske.
- Fondskapitalen for felles Fiskefondet for Eidfjord og Ulvik vert auka for å kompensera for prisstigning. Fondskapitalen vert heva til kr 1 000 000 og vert justert i takt med konsumprisindeksen anna kvart år.
- Tiltak i viktige fiskeproduseranse innlandsvassdrag for å motverka effekt av reguleringa. Her vert peikt spesielt på;
  - tiltak for å redusera begroing i Isdalsvatnet og Skykkjedalsvatnet,
  - betra moglegheit for oppvandring frå Bjoreio til Tinnhølen,
  - betra moglegheit til bruk av båt på Sysenvatnet
- Dokumentera om reguleringa har effekt på villreinens trekk i området rundt Hardangerjøkulen og i konsesjonsvilkåra gi heimel til moglege tiltak.
- Andre tema å ta opp til vurdering;
  - friluftsliv/reiseliv, vassdekt areal som landskapselement
  - landbruk, vassdrag sin gjerdeeffekt for beitedyr, vassdrag som vatningsvatn
  - grunnvatn i Simadalen, nærare dokumentasjon av Simadalselva sin betydning for grunnvatnet i dalen

### **11.12.2017 - Eidfjord formannskap**

Anved Johan Tveit og Kari Tveit Hovland gjekk frå som ugild.

Framlegg:

Tillegg til kulepunkt 2: Dette skal og gjelda for Simadalselva.

Røysting:

Samrøystes vedteke med tilleggsframlegg.

### **FSK - 17/127 - Vedtak:**

Eidfjord kommune set følgjande krav til vilkårsrevisjon for Eidfjord-Nord anlegget og modernisering/ajourføring av konsesjonsvilkåra. Eidfjord bed konsesjonsmyndigheita spesielt sjå på;

- Oppdatering av utsettingspålegg og fiskeundersøkingar i vassdrag med anadrom laksefisk samordna med relevante tiltak i regional vassforvaltningsplan for Hordaland.
- Miljøbasert vassføring gjennom året tilpassa produksjon av laksefisk og omsyn til turisme. Dette må omfatta reglar for minstevassføring heile året, vurdering av fysiske tiltak i vassdraga for å optimalisera produksjon av smolt og moglegheit for fiske. Dette skal og gjelda for Simadalselva.
  
- Fondskapitalen for felles Fiskefondet for Eidfjord og Ulvik vert auka for å kompensera for prisstigning. Fondskapitalen vert heva til kr 1 000 000 og vert justert i takt med konsumprisindeksen anna kvart år.
- Tiltak i viktige fiskeproduseranse innlandsvassdrag for å motverka effekt av reguleringa. Her vert peikt spesielt på;
  - tiltak for å redusera begroing i Isdalsvatnet og Skykkjedalsvatnet,
  - betra moglegheit for oppvandring frå Bjoreio til Tinnhølen,
  - betra moglegheit til bruk av båt på Sysenvatnet
- Dokumentera om reguleringa har effekt på villreinens trekk i området rundt Hardangerjøkulen og i konsesjonsvilkåra gi heimel til moglege tiltak.
- Andre tema å ta opp til vurdering;
  - friluftsliv/reiseliv, vassdekt areal som landskapselement
  - landbruk, vassdrag sin gjerdeeffekt for beitedyr, vassdrag som vatningsvatn
  - grunnvatn i Simadalen, nærare dokumentasjon av Simadalselva sin betyding for grunnvatnet i dalen

### **Vedlagt:**

#### **Desse har uttalt seg i saka:**

Kommunen inviterte Statkraft, sentrale grunneigarar og interesseorganisasjonar til ope orienteringsmøte 24.11. Innspel frå møtet er teke inn i saksutgreiinga.

#### **Særutskrift skal sendast til:**

NVE

#### **Endeleg avgjerd i:**

Formannskapet

#### **Saka gjeld:**

NVE har vedteke å opne vilkårsrevisjon av «Eidfjordreguleringen» som omfattar reguleringar

i Ulvik og Eidfjord knytt til kraftproduksjon i Sima kraftstasjon. Kommunen har gitt førebels innspel til NVE. NVE bed om endelege innspel til fyrste runden før nyttår. Med bakgrunn i orienteringsmøtet ynskjer kommunen å utdjupa sine innspel.

Hovudføremålet med revisjonen er å betra miljø- og natureffektar utbygginga har medført. Revisjonen omfattar ikkje sjølve reguleringa med magasin og reguleringshøgder og rett til bortføring av vatn. Revisjonen opnar for å sjå på miljøvilkår i form av m.a. manøvreringspraksis, minstevatn slepp, biotopjusterande tiltak og utsetjing av fisk.

NVE ynskjer tilbakemelding på krav og at desse er så konkrete som mogleg, og om mogleg prioriterte. Ordførar orienterte på det opne møtet at det er og høve til å fremja krav direkte ovanfor NVE.

### **Økonomiske konsekvensar:**

Fondskapitalen for felles Fiskefondet for Eidfjord og Ulvik vert auka for å kompensera for prisstigning. Kommunen oppfattar fiskefondet som eit miljøfond og ikkje som eit næringsfond som ikkje er gjenstand for revisjon.

- Utgangspunktet følgjer av konsesjonsvilkåra fastsett ved kgl.res. 04.06.1976. Fiskefondet vart sett til kr 200 000. (*«kan konsesjonssøkeren tilpliktes følgende: å gi et tilskudd på kr 200 000 til oppretting av et fiskefond»*.) Fondsavkastinga i form av renteavkasting er midlar som tildelast til fiskefremjande tiltak i dei to kommunane. Hadde fondskapitalen vore justert i forhold til konsumprisindeksen, skulle den vore på kr 989 573,- per des. 2016.
- Fondsavkastinga har i mange år ikkje vore utdelt da renteavkastinga har vore så låg at det ikkje har vore rekningssvarande å dela ut midlar. Moglegheit til å søkja på fondsmidlar krev kostnad med utlysing i 2 lokalavisar, samt sakshandsaming.
- Fondsavkastinga har vore brukt til fiskefremjande tiltak i form av fiskekultivering tufta på driftsplan/biologiske data ikkje eldre enn 5 år. Ideelle organisasjonar har og høve til å søkja på tilskot frå fondet. Fondsstyret, har som ein ser, krav til søknader og dokumentasjon, men er ikkje prioritert til grunneigarar. Når det da i søknad er dokumentert eit behov, bør eit tilskot vera av ein slik storleik at søkjar ser mon i å førebu ein søknad.
- Fondsmidlane har vore brukt til fiskeremjande tiltak som har bidrege til betre tilgang til friluftsliv i form av sportsfiske for ålmenta. Tilskot har i ubetydeleg grad vore vurdert å rekna som næringstilskot.

### **Juridiske konsekvensar:**

Ingen kjende.

### **Miljømessige konsekvensar:**

I orienteringsmøtet vart det teke utgangspunkt i kommunens førebelse innspel.

Oppdatering av utsettingspålegg og fiskeundersøkingar i vassdrag med anadrom laksefisk samordna med relevante tiltak i regional vassforvaltningsplan for Hordaland.

- Det var fokus på dei anadrome laksevassdraga i informasjonsmøtet.
  - I Simadalselva er det registrert at tersklar og kulpar Statkraft har bygd treng vedlikehald og oppreinsking. Redusert vassføring har medført mindre evna til å transportera finstoff ut av vassdraget. I tillegg er det hevda behov for fleir tersklar for å sikra vassdekt areal. Her trengst ein systematisk overvaking og plan for vedlikehald.
  - Det er otte for den lokale laksestamma med bakgrunn i dokumentert

lusepåverking i Hardangerfjorden og behov for lokal levande genbank. Lokalt vert det opplevd at den lokale laksestamma vert ofra på «storsamfunnet sitt alter» gjennom at det er usikkerheit for om me har lokalt genmateriale som grunnlag for kultivering. I tillegg vert det opplevd at lokal kultivering kastar lite av seg da smolten ikkje overlever vandrainga ut Hardangerfjorden grunna lakselus.

- Lokalt vert det opplevd at Statkraft gjennom sin overvaking har bidrege til auka forståing og engasjement om viktige avgrensande faktorar i Eidfjordvassdraget. Sentralt har vore vintervassføring, sumartemperatur på vatnet som vert slept i Bjoreio og fornying av utsettingspålegget. Resultat og konklusjonar som kan vitskapleg dokumenterast, bør innarbeidast i vilkår til konsesjonen.

Miljøbasert vassføring gjennom året tilpassa produksjon av laksefisk og omsyn til turisme.

- Statkraft orienterte om vassføringsregimet som har vore gjennomført i Bjoreio primært for å sikra vintervassføring i tida 15.11-14.04 med 0,7m<sup>3</sup>/s. I tida 01.06-15.09 er det krav om 11 m<sup>3</sup>/s i Vøringsfossen av omsyn til turisme og landskap. Det kan opplevast tørre/kalde periodar i tida det ikkje er krav om minstevassføring som gir behov for å sleppe vatn for å sikra vassdekt areal. Det bør difor vera reglar for minstevassføring heile året. Som ein kompensasjon for auka vasslepp bør det kunna utviklast måle- og styringsmetodar som sikrar ei minstevassføring, men som og sparar vatn når det naturlege tilsiget er høgare enn det sleppet skal utgjera.
- Omsynet til turismen er spesielt retta mot vassføring i Vøringsfossen. Eidfjord kommune arbeider kontinuerleg for å leggja til rette for heilårsturisme som grunnlag for sikrere arbeidsplassar og lønsemd. Utviklinga av Turistvegprosjektet kring Vøringsfossen er og vil i komande år verta meir sentralt for turistnæringa i bygda. Vassføring i Vøringsfossen vil vera sentralt grunnlag for denne satsinga. Dette vil omfatte mengda vatn i Vøringsfossen og kor lenge det skal vera minstevassføring.
- I Simadalselva er det ikkje krav om minstevassføring. Krav i nyare vassdragskonsesjonar har normalt reglar for minstevassføring. Kommunen meiner dette må følgjast opp for Simadalselva.

Tiltak i viktige fiskeproduserande innlandsvassdrag for å motverka effekt av reguleringa.

- Kommunen har slutta seg til Regional plan for vassregion Hordaland for å innføra EU's vassrammedirektiv i norsk forvalting. I tiltaksprogrammet er Isdalsvatnet, Sysenvatnet og Eidfjordvatnet vurdert å vera prioritert.
  - Eidfjordvatnet inngår i Eidfjordvassdraget og har røye og innlandsaure i tillegg til anadrom laksefisk. Forvalting av fiskeressursane i vatnet krev meir kunnskap om den faktiske situasjonen i vatnet.
  - Isdalsvatnet og Skykkjedalsvatnet er innlandsvatn med sjølvproduserande aurestamme. Innløpselvane er teke inn som del av reguleringa. Dette har resultert i høgare sumartemperatur og redusert gjennomstrøyming. Og som følgje av dette er det blitt auka begroing som gjer utøving av fiske vanskeleg. Moglegheit for fysiske tiltak som vil betra på denne situasjonen må utgreiast.
  - Sysenvatnet har ein høg reguleringssone. Dette gjer utøving av fiske med fastståande reiskap og ha båtar liggjande ved vatnet, vanskeleg. Tiltak for å lette moglegheit for utsetting og opptak av båtar bør betrast.
  - Dammen i utløpet av Tinnhølen er etablert for å holde vasstanden i Tinnhølen. Gangbru og fisketrapp vart etablert i samband med at Tinnhølen vart ført vestover til sitt opphavlege løp, dammen i 1980 og fisketrappa i 1986. Bjoreio er utløpselva til Tinnhølen og representerer viktig

oppvekstområde for ungfisk. Fiske-trappa vart etter undersøkingar på 90-talet bygd noko om for å betra fiskens gang i trappa. Undersøkingar i regi av Statkraft viste at aure som vandra opp trappa i snitt var over 250g. Dette er fisk som er om lag 4-5 år. Det er og registrert at gytevandrarar vert ståande under dammen til etter vårflaumen om våren før dei vandrar opp i Tinnhølen. Dette er aure med redusert kondisjon og kvalitet som ikkje bør fiskast på. Eit naturleg utløp som auren vil følgje uavhengig av vassføring synest å vera ei løysing for å reetablere eit naturleg vandringsmønster. Dette bør greiast ut nærare.

Villreinnemnda for Hardangervidda må høyrast i saka med tanke på villrein og trekkveggar for villreinen.

- Representant for Villreinnemnda på Hardangervidda peikte på at revisjon må omfatta villreinens trekk i området rundt Hardangerjøkulen. Frå gammalt var det gamle reinstrekk som var sentrale for villreinens trekk mellom Hardangervidda og Nordfjella vest og aust for Hardangerjøkulen. Villreinen brukar dei same trekka i den grad dette er mogleg. Det er viktig at desse trekka vert registrert og i den grad det er mogleg at dei på sikt vert teken meir i bruk.

Andre naturlege tema å ta opp er forhold til friluftsliv/reiseliv, landbruk og forholda for grunnvatn i Simadalen.

- I tiltaksplanen til regional plan for vassregion Hordaland er det peikt på at grunnvassførekomstar skal ha god kjemisk og kvantitativ tilstand. Det er påvist at Simadalselva har innverknad på den kvantitative tilstanden.
- Oppleving av landskap og landskapets kvalitet er avhengig av vassdekt areal. Miljø- og landskapsanalysen for Sysendalen viser at landskap tilknytt vassdrag har høg verdi.
- 

**Personalmessige konsekvensar:**

Ingen kjende.

**Konsekvensar for folkehelse:**

Ålmenta si tilgang til sportsfiske er ein viktig motivasjon til friluftsliv og der igjennom viktig for folkehelsa.

Geir Underhaug  
rådmann

Elnan, Gunnar  
sakshandsamar

Rett utskrift: